



Faksimile frå dagens utgåve av Kvinnheringen.

Kvinnheringen har i dag ei dobbelside der dei omtalar tradisjonen med adventskalendarar, og gjev tips til ulike variantar av denne kjekke førjulsskikken. Sentralt i oppslaget er Uskedalsdama Torill Ljosnes Moen som lagar spesielle kalenderar til dei tre studentdøtrene sine. Dei inneheld pakkar med nyttige ting til studentane.

Torill fortel til Kvinnheringen at ho starta med studentkalendarar då eldstejenta Ellen Karin flytta ut for å studera. No er alle dei tre døtrene deira i gang med studiar spreidd over det ganske land, - i Volda, Stavanger og i Trondheim. Pakkane inneheld alt frå supper og sausar til vaskemiddel, deodorantar og tannkrem. Alt kjem til nytte i tillegg til at det hjelper på studentøkonomien.

Studentkalendarane vert overlevert når dei møtest, og korleis døtrene set pris på kalenderane, og meire til, kan de lesa om i dagens utgåve av Kvinnheringen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland-